

ROLF SCHREINER:

Trolltunga

Det å komma i «forrektige» pensjonsalder har sine utfordringar. Livets tøffaste fjelltur inntraff nå nylig – då eg va blitt 67 år og ein dag.

Me forlod Hotel Ullensvang mandag 28. juli klokka 09.00, kjørte forbi Tyssedal og parkerte på et stort jorde i Skjeggedal.

Me registrerte at der va minst 50 biler på plass før oss, så me ville ikkje akkurat føla oss ensomme innigjønå i løypå.

Turen fra Skjeggedal te Trolltunga går litt opp og ner i 11 km – så heile distansen e 22 km. Det e ein 8 – 10 timers tur ifølge turistbrosjyrene.

Starten e ganske tøffe. Den fysste kilometeren oppøve i skogen har nemlig ein stigning på 500 meter. Tenk litt øve det. 1000 meter fram og 500 meter opp. Det betyr to meter fram og ein meter opp. Eller for å ta det i normal skrittlengde – for kvert skritt du tar framøve på ein meter, ska du samtidigt ein halve meter opp. Og det ska du gjørr i øve ein halvtime.

Terrenget i den fysste bakken e faktisk så utfordrande at det ville ver farligt å bare ha ein bratte sti å gå i – særlig hvis det regne – derfor har kloge håver gitt denne fysste kilometeren inne i skogen mange hundre trappetrinn. Store og små, jevne og ujevne steiner ligge i stien og gjørr det litt enklare å gå. I tillegg e der lagt ud tau te å holda seg i på de brattaste stedene.

Itte ca. 20 minutt tog me igjen et fransk ektepar. Hu måtte ha hjelp av maen for å flytta foden fra trapp nr. 972 opp te trapp nr. 973. Hu så passe ferige ud, og ennå hadde hu 10 km igjen av turen oppå fjellet – då va hu halvveis. Eg har ein vag følelse av at hu ennå ikkje har sett Trolltunga.

Itte rundt 4 km e stigningen for det mesta øve, og de siste 7 km e litt opp og ner på fjellryggen – av og te med bare någen få meter bort te kanten kor det går 600 m rett ner te Ringedalsvatnet. «Her må du ikkje se ner te høyre – bare se rett fram og ner på stien,» seie fruena då me e på det smalaste. Hu kjenne meg itte et par sleipe fjell i Chamonix.

Som sportsidiot og konkurransemenneske må eg innrømme at på sånne turer har eg alltid ein liden kamp mod omverdenen – det gjelde å slå så mange så muligt fram te mål. Hjemturen e ikkje så viktig – då e det lov å ta det med ro. For ti år siden tog me igjen 52 personer på vei fra Spiterstulen te Galdhøpiggen, og eg va klar for å setta nye pers. Det gjekk sånn passe. Riktignok passerte me 76 folk i adle aldre, men me blei forbigått av fira. At to sprege, høge, atletiske mannfolk i 30-års alderen passerte oss halvveis, kan eg leva med – men at det paret på rundt 40 år med ganske små bein, sko klara å gli forbi meg i ein modbakke itte 9 km, har satt varige mèn i sjel og sinn.

Itte tri og en halv time va me framme ved Trolltunga, men me holdt oss på grunnfjellet. Me gjekk ikkje udpå for å vinka og kikke ner på avgrunnen – me tog våre bilder på trygg avstand.

Det va på hjemturen at eg blei minde på kroppens tilstand for folk i pensjonsalder. Det knirkte i knenå, det verkte i anklane, eg fekk gnagsår på helane og kver gang eg gjekk nerigjønå, va der ti tær så hylte om hjelp. Fruena e det eg tør kalla i farlig god fysisk form – så når hu gjekk i sitt tempo, måtte hu vente i fem minutters tid itte kver kilometer. Direkte flaut, altså.

Då me kom te trappene nerøve den siste kilometeren, seilte fruena ner på et kvarter. Eg brukte lenger tid ner enn opp – begge bein på kvert trinn va det tryggaste, og det tar tid. Då ein bergenser sprang smilande forbi, måtte eg ty te verbale midler – så eg spurte koss det gjekk med Brann for tiå. Han hadde fått med seg at Viking vant 1 – 0 kvelden før (he-he), selv om Brann hadde fira skudd i treverket – og eg lod som om eg hadde sympati. Ein liden, men fortjent opptur inni den brattaste skogen.

Tebage på hotellrommet sa fruena at hu villa dusja før meg, og det va greit – så eg la meg nerpå litt. Fjellstøvler, strømper, T-skjorta, kortbukser, ryggsekk – alt me hadde hatt på oss på turen, blei plassert på terrassen for lufting. Naturlig nok – 22 km med sekk på ryggen i øve 20 graders varme frembringe ein god del svette, der e lide me kan gjørr med akkurat det.

Itte at eg hadde krøbe ner trappene på hotellet for å spisa middag – og krøbe opp igjen tidligare enn vanligt – sko kroppen endelig få ein natts søvn itte dagens knallharde økt.

«Det stinke svette fra terrassen heilt inn her,» kom det fra fruens del av dobbeltsengå. Eg va nærmast bevisstløse og kjendte ingenting.

«Nei, det komme jo herfra. Fra sengå – fra dynen din. Bare lukt. Sei meg – då me kom hjem – la du deg i sengå for å kvila med et inngrodd lag av svette øve heile kroppen? Forstår du ikkje at det gjekk rett inn i sengetøyet?»

Eg spende dynå ner på golvet.

«Det lokte ennå. Kjenn på pudå di.»

Eg trakk kropp og puda så langt ud på kanten av sengå at eg ikkje turde se ner. Eg syns eg hørte: «Kor domme går det an å bli?», men eg e ikkje sikker.

To dager ittepå gjekk me Dronningstien – ein flotte tur på 6–7 timar så Dronning Sonja innvia i fjor sommar. Tebage ved hotellet kjøpte me brus og Dagbladet i ein kiosk, og inne på rommet kom meldingen: «Du røre ikkje den aviså før du har dusja. Eg ska ha Dagbladet med hjem i mårå, og du får ikkje stinka ud heile bilen.»

Eg kran gla ikkje på den.

